

Kva driv Røysterett for Alle med for tida?

10.03.2017



Røysterett har planane framover klare. Her frå seminar i Helheim for ein måned sidan.

Me har gjennomført årsmøte, kome så smått i gang med dei ulike nemndene, og tankane om framtida byrjar etter kvart å ta form. Det lir mot jubileumsår (30 år i 2018), og nemnd for planleggjing av aktivitetar er nedsett. Aktivitetar er både kva me arrangerer utåt, og korleis me vil feira oss sjølve. Det er mykje som skal på plass, så eitt år er berre tida og vegen



Koret ønsker seg fleire medlemmer (især bassar).

Når det gjeld våraktivitetar, har me planlagt ein konsert 27.04. her i bygda. I tillegg til koret, vil inviterte gjester og koma med innslag. Det tradisjonelle roselotteriet vil snart starta. 17. mai kjem me til å dukka opp der me plar gjera det, dersom me ikkje vert nekta tilgang.

Eit sjølvransakande medlemsmøte sist torsdag ga mange innspel og tankar om aktuelle tiltak, både internt i koret, og om kva profilen vår utåt er, eller bør vera. Mellom anna er det lenge sidan me har hatt "brukarundersøking" om repertoar og korleis me tenkjer framover for å unngå å gjenta oss sjølve for lenge. Ulike tankar om evt. å ha periodar der me hovudsakeleg jobbar med berre ein sjanger eller ein songskapar vart lufta. Me vonar undersøkinga kan gje meir konkrete innspel om korleis me skal handtera dette.

Mykje anna navlelo vart og granska, slik som rekruttering og trivnad generelt. Vert nye medlemmer godt nok - og i tide - informerte om korleis koret tikkar og går? Dette er område me kjem til å sjå nærare på framover.

Elles kom me i kveld (09.04.) fram til at det vert øva mykje, men får me framført stoffet godt nok? I vår kjem me difor til å runda av vårsemesteret med ein konsert her i bygda, der me kjem til å invitera eitt kor til. Me satsar på at dei, som me, kjenner på seg at ein lang øvingsvår bør rundast av med framføring når me kan stoffet som best. Gjestekoret er ikkje avklara enno, men datoen er så godt som avklara: 8. juni - det avheng berre av at lokale kan skaffast, og at datoen høver for gjestekoret og. Framføringar: 27.04. - 17.05. (sikre) og 08.06. (så godt som sikker).

Koret har for tida 32 medlemmer. Me ser at me kan vera sårbare ved framføringar i sjukdomstider. Skal me kunna stilla til ei kvar tid, kan det knipa dersom nokre av røystgruppene vert for fåtalige. Rekruttering er eit område me lyt gje meir prioritet. Snittalderen i koret kunne vore lågare og mannsrøystene kunne vore fleire (serleg gjeld det bassen).

Ei oppmoding: Ikkje vent til me finn fram til deg - finn fram til oss! Me øver kvar torsdag frå kl. 19.00 i Helgheim.

Tekst: Svein Rimestad

Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland